



Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57 65 51 37
E-post ghe@fmsf.no

Vår dato
28.10.2010

Vår referanse
10/14886 – 461.2
Rapportnummer
2010.080.I.FMSF

Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 Sandane

Informasjon om kontrollert anlegg

Ansvarleg: Gloppen kommune	Organisasjonsnr.: 964 969 124
Kontrollert anlegg: Byrkjelo avløpsanlegg	Kontrolldato: 14.10.2010
Anleggsnummer: 1445.0016.01	Løyvedato og internt nr.: 5.1.2009, 2009.004.T
Risikoklasse: 3	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Til stades frå kommunen: Jostein Moldestad Geir Eide Einar Holmøy	Frå miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen: Gunn Helen Henne Bjarne Nes
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerheitsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 5 avvik. Avvik er nærare omtalt frå side 4 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Vedteke kontrollgebyr vert send via Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) for innbetaling.

Med helsing

Bjarne Nes
senioringeniør

Gunn Helen Henne
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Om kontrollaksjonen Avløp 2010

Kontrollen er del av ein landsdekkjande kontrollaksjon i avløpsanlegg i samarbeid mellom fylkesmennene og Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif). Kontrollaksjonen i 2010 er ei vidareføring av tilsvarende kontrollaksjon i 2008, og har som mål å beskytte miljøet mot skadeverknader frå utslepp av kommunalt avløpsvatn, og bidra til god drift i avløpsanlegga.

Sentrale tema i 2010 er:

- Klimatilpassing i avløpsanlegg
- Avløpsleidningar
- Etterleving av utsleppskrav

Sjå elles informasjonsskrivet om aksjonen som vart delt ut under kontrollen.

Kontrollaksjonen er todelt, med brevkontrollar som gjeld alle kommunar med større avløpsanlegg (omfatta av kap. 14 i ureiningsforskrifta), og etterfølgjande inspeksjonar på utvalde anlegg.

Kontrollen av avløpsanlegget for Byrkjelo vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Meir informasjon:

- Infoark frå Klif om avløpsaksjonen 2010 (TA 2680/2010) – utlevert på kontrollen
- Infoark frå Klif om klimatilpassing i avløpsanlegg (TA 2384/2008) – utlevert på kontrollen <http://www.klif.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2008/Februar/Informasjonsark-om-veileder-om-mulige-klimatiltak-i-avlopsanlegg/?attachment=true>
- Rettleiing om moglege tiltak i avløpsanlegg (TA 2419/2008) <http://www.klif.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2008/Mai/Klimatilpassingar--Rettleiing-om-moglege-tiltak-i-avlopsanlegg/?doctype=pdf>

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøoverket kan ein finne på www.lovdatab.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Om rapporten

Rapporten er utarbeidd etter kontroll den 14.10.2010 av Gloppen kommune for avløpsanlegget for Byrkjelo. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang.

Berre dei avkryssa avvika og underpunkta gjeld dykkar anlegg. Ikkje avkryssa avvik og underpunkt (merka i kursiv) er tatt med som informasjon om tilhøve som er kontrollert og ikkje gav grunn til avvik.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Kommunen pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at kommunen innan **26.11.2010** melder skriftleg attende til oss om at tilhøva er kome i orden. Dersom det ikkje let seg gjere å rette opp alle avvika innan den nemnde dato, må de skriftleg gjere greie for årsaka før fristen for attendemelding, og oppgje ein tidsplan for å rette opp avvika som ein treng meir tid på. Fylkesmannen ventar at kommunen legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom kommunen innan oppgitt tidsfrist ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova. Varselet er gitt med heimel i § 16 i forvaltningslova.

Gebyr for kontrollen

Varsel om gebyrbetaling vart gjeve i førehandsvarslinga av kontrollen i e-post dagsett 5.10.2010. Vi har ikkje motteke merknader til varselet, og gjer difor vedtak i samsvar med varselet.

Fylkesmannen gjer vedtak om at Gloppen kommune skal betale eit gebyr på kr. 11 200,- for gjennomført kontroll av avløpsanlegget for Byrkjelo.

Gebyrsatsen er fastsett ut frå verksemda si plassering i risikoklasse, som er klasse 3. Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3, jf. § 39-6.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1: Avviksbehandlinga for avløpsanlegget er mangelfull.

Avvik frå: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, 2. ledd, punkt 7.

Grunnlag for avviket:

- 1A) Det er ikkje etablert eit skriftleg avviksbehandlingssystem for ytre miljø og for avløpsanlegget.
- 1B) Avviksbehandlingssystemet inkluderer ikkje alle delar av avløpsanlegget.
- 1C) Avviksprosedyren vert ikkje benytta eller ikkje etterlevd i praksis.
- 1D) Anna delavvik (spesifiser).

Kommentar:

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 7 krev at det skal setjast i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga, og at dette må dokumenterast skriftleg.

Kommunen har eit avvikssystem som er nedfelt i internkontrollen og gjeld alle delar av drifta. Avvikssystemet er i bruk på avløpssektoren, men berre for større avvik i reinseanlegget, spesielt ved avvik knytt til påsleppet frå meieriet.

I tillegg blir det ført loggar over såkalla hendingar i ulike delar av reinseanlegget. Dette er bra, men desse hendingsloggane finst berre på ein driftsstyrings-PC på reinseanlegget. Hendingane i dei ulike delane av reinseanlegget vert ikkje gjenstand for nokon samla eller systematisk gjennomgang som avvik eller moglege avvik, eller vidare oppfølging i samsvar med kommunen sin prosedyre for avvikshandtering.

Avvikssystemet er ikkje i bruk for avløpsnettut over sjølve reinseanlegget, og ut frå den informasjonen som vart gjeve under kontrollen, var det heller ikkje tenkt brukt i samband med utsleppsmålingar.

Kommunen må sikre at rutine for avvikshandtering vert tatt i bruk for alle delar av avløpsanlegget.

Det vart også gjeve ein merknad som gjaldt avvikssystemet i 2008.

Avvik 2: Risikovurderinga for avløpsanlegget er mangelfull.

Avvik frå: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, 2. ledd, punkt 6.

Grunnlag for avviket:

- 2A) *Det er ikkje utarbeidd ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget.*
- 2B) Risikovurderinga omfattar ikkje alle delar av avløpsanlegget.
- 2C) *Det er ikkje etablert rutinar for risikohandtering av tilhøve med uakseptabelt høg risiko.*
- 2D) Klimatilpassing er ikkje omtalt i og inngår ikkje i risikovurderinga.
- 2E) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 6 krev at ein må kartlegge farer og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva. Dette må dokumenterast skriftleg.

Kommunen har gjennomført risikovurdering av prosessane i sjølve reinseanlegget på ein god måte, men ein har ikkje omtalt risiko for resten av avløpsnett, slik som for eksempel avløpsleidningar, pumpestasjonar, overløpet ved reinseanlegget, m.m.

Effektar av klimaendringar på drifta av avløpsanlegget er heller ikkje omtalt eller vurdert. Sjå også avvik 3.

Det vart også gjeve avvik som gjaldt risikovurdering i 2008, der det vart presisert at "Ei risikovurdering må omfatte alle delar av avløpsanlegget; leidningsnett, ev. pumpestasjonar og overløp, og drifta ved reinseanlegget."

Avvik 3: Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar.

Avvik frå: Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), § 14-5 og § 14-10. Utsleppsløyve etter ureiningslova dagsett 5.1.2009, vilkår 3.2 og 3.3.

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, 2. ledd, punkt 7.

Grunnlag for avviket:

3A) Kommunen har ikkje undersøkt korleis regionen vil bli påverka mht. framtidige klimaendringar.

3B) Det er ikkje gjort vurderingar eller berekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnett.

3C) *Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedtatt planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnett.*

3D) *Det er ikkje gjennomført tiltak eller gjort vedtak om konkrete tiltak på nett for å handtere framtidige vassmengder.*

3E) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

Ureiningsforskrifta § 14-10 (og vilkår 3.3. i utsleppsløyvet) krev at reinseanlegget skal dimensjonerast, byggjast, drivast og haldast vedlike slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden der det ligg. Forventa framtidige endringar i klimatiske tilhøve i anlegget si levetid må takast omsyn til.

Ureiningsforskrifta §14-5 (og vilkår 3.2 i utsleppsløyvet) krev at avløpsnett skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast med utgangspunkt i beste tilgjengelege teknologi og fagskunnskap, særleg med omsyn til avløpsvatnets si mengde og eigenskapar, førebygging av lekkasjar, og avgrensing av ureining av resipienten som følgje av overløp.

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 7 krev at det skal setjast i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga, og at dette må dokumenterast skriftleg.

Kommunen har utarbeidd ein energi- og klimaplan for 2009-2012. Denne planen fokuserer på energibruk, utsleppsreduksjonar for klimagassar, lokal energiproduksjon og haldningsskapande arbeid. Planen har ikkje gått nærmare inn på kva for endringar i klima ein kan rekne med i Gloppen kommune, som til dømes nedbørsprognosar, eller kva dette kan få å seie for kommunal infrastruktur som til dømes avløpsanlegga i kommunen.

Reinseanlegget på Byrkjelo er plassert like ved elva, på elvekanten. Det vart opplyst at ein allereie i dag opplever at høg flaum i elva gjev stopp i pumpestasjon og overløp ved reinseanlegget. Dette er eksempel på tilhøve som kommunen bør skaffe seg meir oversikt over i klimasamang.

Som eit første trinn i å vurdere moglege behov for tiltak i avløpsanlegget for Byrkjelo, kan kommunen skaffe oversikt over moglege/sannsynlege framtidsscenario når det gjeld vêr og verknader av forventa klimaendringar. Desse kan vidare legge grunnlag for vurdering av om det er behov for førebyggjande tiltak i avløpsanlegget på kort og lang sikt, og om det eventuelt må utarbeidast planar for gjennomføring av tiltak.

Avvik 4: *Overløp av ureinsa avløpsvatn blir ikkje talfesta.*

Avvik frå: Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), § 14-5.

Grunnlag for avviket:

- 4A) *Vesentlege overløp mangla utstyr som anten registrerer vassmengd eller tidsvarigheit for overløp av ureinsa avløpsvatn.*
- 4B) *Ureiningsutslepp av ureinsa avløpsvatn via alle overløp blir ikkje tallfesta anten ved utsleppsmålingar, modellering eller anna berekning.*
- 4C) *Kommunen har ikkje oversikt over alle overløp på leidningsnett.*
- 4D) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

- Avvik 5: Kommunen har ikkje oversikt over om avløpsleidingar vert vedlikehaldne og fornya i tilstrekkeleg omfang.**

Avvik frå: Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), § 14-5. Utsleppsløyve etter ureiningslova dagsett 5.1.2009, vilkår 3.2.

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, 2. ledd, punkt 4 og 7.

Grunnlag for avviket:

- 5A) Dei viktigaste problemområda på nettet er ikkje identifisert i ein skriftleg dokumentasjon.
- 5B) Kommunen har ikkje sett eigne mål for funksjonskrav til avløpsnettet.
- 5C) Det ligg ikkje føre ei vurdering av behov for fornying av leidningsnettet som er oppdatert etter 2005.
- 5D) Det er ikkje sett måltal for årleg fornyingstakt eller investeringsnivå for leidningsnettet.
- 5E) *Vedteken fornyingstakt eller investeringsnivå i saneringsplan vert ikkje gjennomført som føreset.*
- 5F) *Det langsiktige saneringsbehovet for avløpsnett er ikkje ivareteke med den fornyingstakta som kommunen praktiserer.*
- 5G) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

Ureiningsforskrifta §14-5 (og vilkår 3.2 i utsleppsløyvet) krev at avløpsnettet skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast med utgangspunkt i beste tilgjengelege teknologi og fagskunnskap, særleg med omsyn til avløpsvatnets si mengde og eigenskapar, førebygging av lekkasjar, og avgrensing av ureining av resipienten som følgje av overløp.

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 4 krev at det skal fastsetjast mål for helse, miljø og tryggleik, og at dette må dokumenterast skriftleg.

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 7 krev at det skal setjast i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga, og at dette må dokumenterast skriftleg.

Kommunen arbeider med å få oversikt over og betre tilstanden til alle anleggsanlegga sine. Avløpsnettet på Byrkjelo var eit av dei første som vart gjennomgått (på 90-talet), og ein har ikkje "kome rundt" til å oppdatere tidlegare vurderingar på nytt.

Tilstandsvurderingar som skal leggjast til grunn for vidare planar for oppgradering/investeringar må dokumenterast skriftleg, og må vere tilstrekkeleg oppdaterte, for at arbeidet skal kunne skje med utgangspunkt i dagens tilhøve og på ein systematisk måte.

Kommunen har ikkje sett seg mål for arbeidet med oppgradering av leidningsnettet i kommunen, verken med omsyn til funksjonskrav til avløpsnettet, eller for årleg fornyingstakt eller

investeringsnivå.

Avvik 6: *Driftsforhold i renseanlegget er ikkje tilfredsstillande dokumentert.*

Avvik frå: Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), § 14-10.

Grunnlag for avviket:

- 6A) *Opplegg for opplæring av driftsoperatørar er ikkje utarbeidd/er ikkje gjennomført.*
- 6B) *Dei styrande driftsparameterane i reinseprosessane er ikkje skriftleg dokumentert.*
- 6C) *Overvakings- og alarmsystem er utilstrekkelege til å sikre kontinuerleg god drift*
- 6D) *Vaktordning for renseanlegget er utilstrekkeleg eller fungerer ikkje godt nok i praksis.*
- 6E) *Kalibrering/kontroll av viktig utstyr blir ikkje dokumentert.*
(Kalibrering pH-elektroder, utstyr for dosering av fellingskjemikalier, syre/lut og polymer)
- 6F) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

Avvik 7: *Kommunen har ikkje rutinar for å vurdere grunnlaget for fastsetting av reinsekrav med omsyn på utløyising av nye krav til sine avløpsanlegg.*

Avvik frå: Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), § 11-3, § 14-1, § 14-6, § 14-7, § 14-8 og § 14-17.

Grunnlag for avviket:

- 7A) *Kommunen har ikkje gjort ei vurdering av om forbodet mot oppdeling av tettbebyggelsar kan utløyse nye reinsekrav for relevante område.*
- 7B) *Kommunen har ikkje meldt frå til Fylkesmannen om at ein konkret tettbebyggelse (etter forbodet trådte i kraft) har ei p.e.-belastning som utløyser reinsekrav etter kapittel 14.*
- 7C) *Aktuelle eksisterande anlegg med fosforreinsing har ikke vore vurdert med omsyn til kriteriar for vesentleg endring som kan utløyse krav til sekundærreinsing.*
- 7D) *Kommunen har ikkje meldt frå til Fylkesmannen om at eit konkret avløpsanlegg har ei faktisk, dokumentert vesentleg endring og som utløyser krav til sekundærreinsing.*
- 7E) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

-
- Avvik 8: Kommunen sin kontroll med om reinsekrava for utsepp til vatn vert oppfylt, er mangelfull.**

Avvik frå: Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), § 14-11. Utsleppsløyve etter ureiningslova dagsett 5.1.2009, vilkår 3.4.

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, 2. ledd, punkt 7.

Grunnlag for avviket:

- 8A) *Behandling og samanstilling av primærdata (vassmengder, analyseresultat) til utsleppstal som vert rapportert inn til KOSTRA er ikkje tilstrekkeleg kvalitetssikra.*
- 8B) Overløp ved reinseanlegget vert ikkje teke med i berekninga av reinsegrad og utsleppsmengder frå avløpsanlegget.
- 8C) Utsleppsdata vert ikkje løpande vurdert opp mot reinsekrava i utsleppsløyvet.
- 8D) *Reinsekrava i utsleppsløyvet vart overskridne i året 2009.*
- 8E) *Anna delavvik (spesifiser).*

Kommentar:

Ureiningsforskrifta § 14-11 (og vilkår 3.4 i utsleppsløyvet) seier at dersom prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert slik at prøvene ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal overløpsbidraget målast, registrerast og reknast med i reinsegraden.

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 7 krev at det skal setjast i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga, og at dette må dokumenterast skriftleg.

Utrekingar av reinsegrad i reinseanlegget på Byrkjelo tar ikkje omsyn til overløp. Det vart opplyst at overløpsmengda utgjorde om lag 3 prosent av den samla avløpsmengda i 2009, og at overløpa stort sett var knytt til avvik i samband med påsleppet frå meieriet.

Kommunen bruker snittverdiar over året til å rekne ut samla utsepp og reinsegrad for dei ulike måleparametrane, men reknar ikkje på utsepp og reinsegrad for den enkelte månaden/prøvetakingsperioden. Ettersom storparten av avløpsmengda som vert tilført reinseanlegget på Byrkjelo kjem frå meieriet, og drifta og utseppa frå meieriet varierer mykje over året, vert ikkje dette rett. Resultata av dei månadlege prøvetakingane som vert gjort, må vurderast i høve til reinsekrava etter kvart (inkludert bidrag frå overløp), for å kunne sikre nødvendige strakstiltak ved eventuelle dårlege driftstilhøve og brot på utseppskrava.

Vi viser her også til ureiningsforskrifta § 14-13 om vurdering av analyseresultat, der det heiter at "Den ansvarlige skal korrigere analyseresultatene for avløpsvann som i prøvetakingsperioden har gått utenom prøvetakingsstedet, herunder for overløp i eller ved reinseanlegget."

Merknader

Det vart ikkje gjeve merknader under kontrollen.

Andre tilhøve

På kontrollen vart det gjeve ei orientering frå kommunen om status for akkrediteringsprosessen for prøvetaking i samarbeid med Driftsassistansen i Hordaland Vann og Avløp IKS (DIHVA). Anlegget på Byrkjelo har gjennomgått ei første bedømming i september, der Norsk Akkreditering har tilrådd akkreditering på vilkår av at dei avvika som vart avdekka, vert lukka innan midten av desember. Fylkesmannen er nøgd med at kommunen er komen godt i gang med prosessen for å få på plass akkreditert prøvetaking.

Kommunen orienterte også om arbeidet som er i gang for å finne betre løysingar for påsleppet frå TINE Meieriet Byrkjelo, for å sikre ei best mogleg reinsing og drift i avløpsanlegget på Byrkjelo. Kommunen er i tett dialog med meieriet, og konsulentfirmaet Aquateam AS bistår fagleg.